



Saman for ein branngrygg kvar dag

Fedje Sjukeheim

Dagleg leiar

Mulevegen 18

5947 Fedje

Referanser:

Dykkar:

Vår: 20/10723 - 23/80935

Saksbehandlar:

Gjert Holtan

gjert.holtan@alver.kommune.no

Dato:

20.10.2023

Tilsynsrapport

Namn på objektet: **Fedje Sjukeheim**

Objektreferanse: **Branntilsyn - GBNR 168/206 - 4633 Fedje**

Adresse:

NGIB har i etterkant av tilsyn utført Onsdag 6 September 2023, laga ein tilsynsrapport. I rapporten finn du eit samandrag frå tilsynet og dei eventuelle avvika som blei funne.

Vi må ha skriftleg tilbakemelding frå deg om korleis og når du skal rette feil og manglar som er funnet hos deg. Dette er i tråd med brann- og ekspløsjonsvernlova § 33.

Dersom det er avvik, kommentarar eller merknader i rapporten som du ikkje kjenner igjen med tilstanden i bygget eller verksemda, kan du skrive dette i tilbakemeldinga.

Frist

Svar må sendast, innan 30 dagar etter at rapporten er motteken. Send svar via

- eDialog (elektronisk) <https://svarut.ks.no/edialog/mottaker/978606865>
- Epost post@alver.kommune.no
- Papir: Alver kommune - NGIB, Postboks 4, 5906 Frekhaug

Tilsynsrapporten er å anse som eit førehandsvarsle etter forvaltningslova § 16, og du som part i saka vert med dette gitt rett til å uttale deg før endeleg vedtak/pålegg vert gjort. Ved manglande tilbakemelding innan fristen, kan du få pålegg om utbetring, mulkt, førelegg/tvangsgjennomføring eller forbod om bruk etter Brann- og ekspløsjonsvernlova.

Aktuelt regelverk

Nordhordland og Gulen interkommunale branngryggande avdeling (NGIB)
Eit samarbeid mellom Alver, Austrheim, Fedje, Gulen, Masfjorden, Modalen og Solund kommune

Postadresse - Postboks 4, 5906 Frekhaug | Besøksadresse - Stølen 7, 5911 Alversund | Innbyggjarservice: 56 37 50 00

- Brann- og eksplosjonsvernlova
- Forvaltningslova
- Forskrift om brannførebygging (førebyggandeforskrifta)
- Forskrift om systematisk helse-, miljø- og tryggleiksarbeid i verksemder (Internkontrollforskrifta)

Med venleg helsing

Nordhordland og Gulen interkommunale brannvern

Gjert Holtan

Branninspektør

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Vedlegg: Tilsynsrapport

Mottakarar:

Fedje Kommune Teknisk Etat Admin	Stormarkvegen 49	5947	Fedje
Fedje Sjukeheim	Mulevegen 18	5947	Fedje

Kopi til:

Torhild Knappen Kahrs

Tilsynsrapport

Tilsynsobjektet:	
Gards- og bruksnummer:	168 / 206
Adresse:	Mulevegen 18
Poststad	5947 Fedje
Eigar:	Fedje Kommune
Med på tilsynet, 06.10.2023	
NGIB	Gjert Holtan
Eigar	Pål Eirik Holgersen
Brukar:	Nadine-Gutte Preusse, leiar og Torild Kahrs, verneombod

Samandrag

Tilsynet 6 september ble gjennomført som et dokument tilsyn etterfulgt av ein synfaring på bygget.

Eigar kunne ikkje dokumentera service avtaler tilsynsdagen, men har ettersend dette til NGIB.

Brukar har gode rutinar for bruken av bygget og har gjennom fleire år no gjennoført øving og opplæring for alle tilsette, dette er svært bra.

På synfaringen vart følgjande notert:

- Brann teikningar må oppgraderast slik at kart og terregn stemmer over eins.
- Branndør i fløy i gang mot nord er fjerna. Dette må eigar sjekke opp mot brannteikningar og lovverk og dokumentasjon for dette må sendast NGIB.
- Rømingsdørar som er knytt opp mot brannalarmanlegget skal opast ved utløst alarm. Dette har tidlegare ikkje fungert og eigar må no dokumentere at tiltak er sett i gang slik at dette fungerar. NGIB vil følgje dette opp fortløpende.
- Det er ikkje ferdigstilt ROS analyse for verken bygget eller bruken av det. Her må både eigar og brukar ferdigstille dette arbeidet snarast.
- Trapperom i sør er ein rømingsveg, her er det plassert utstilling som kan, i tilfelle brannvere ein hindring for effektiv røming. Her må brukar vurdere nytten av dette i ROS analysa og settje i verk evnt tiltak.
- Det vart avdekkja noe bruk av skjøyte ledningar ved sjukeheimen, dette er kun tillatt til midlertidig bruk og brukar må saman med eigar vurdere om det er behov for fleire permanente kontaktar.
- Ein felles øving med lokalt brannvern er eit ønskje frå brukar. Dette er eit godt tiltak som vil styrke brannsikkerheta ved sjukeheimen vesentleg. Brannsjef og dagleg leiar ved sjukeheimen bør settje av tid til å planleggje for dette i tida som kjem. NGIB kan om ønskeleg bistå med planlegginga.

Aktuelle avvik

Kontroll og vedlikehald av bygningsdelar og sikkerhetsinnretning	7
Eigars systematiske tryggleiksarbeid	9
Eigars dokumentasjon	10
Branngrygg bruk av byggverket	10
Brukars systematiske tryggingsarbeid	11
Andre merknader.....	11

Innleiing

Formålet med tilsynet

Formålet med tilsynet var å vurdere om eigar/verksemda arbeidar systematisk med branngryggleiken, samt helse-, miljø-, og tryggleik. Brannvesenet legg vekt på ein heilskapleg vurdering av alle forhald som kan påverka sannsynet for at brann bryt ut og konsekvensar av ein brann.

Vi gjer deg merksam på at tilsynet er ein stikkprøvekontroll og avvik og merknadar ikkje er utfyllande. Det er eigar si plikt å syta for at brannobjektet er bygd, utstyr og vedlikehald etter gjeldande lovverk.

Tilsynet omfattar mellom anna undersøking av:

- at brannobjektet er bygd, utstyrt og holdt ved like i samsvar med gjeldande lovar og forskrifter om førebyggande brann.
- at eigar/verksemda si internkontroll innan branngryggleik er formålstenleg for å nå måla innan brannvern
- at bruken av brannobjektet samsvarar med føresetnadene for bygget.
- at verksemder og eigar har utarbeida ein risiko- og sårbarheitsanalyse (ROS).

Visar til «Følgje brev til tilsynsrapport» om tilbakemelding og frist for tilbakemelding, samt reaksjonsformer ved manglande tilbakemelding.

Aktuelt regelverk

- Brann- og eksplosjonsvernlova
- Forvaltningslova
- Forskrift om brannførebygging (førebyggandeforskrifta)
- Forskrift om systematisk helse-, miljø- og tryggleiksarbeid i verksemder (Internkontrollforskrifta)

Generelle krav til aktsemd

Alle har plikt til å vise forsiktigheit ved gjennomføring av aktivitet som kan føre til brann.

Aktivitet som kan føre til brann kan for eksempel vere bruk av levande lys, matlaging på komfy, gjere opp eld(eingongsgrill, bål- og peisinnretningar, skylanterne og handsaming av brannfarleg avfall) og bruk av andre produkt som kan sjølvantenne. Gjeld og skogsdrift, sveising og liknande.

Alle har ein plikt til å vurdere risikoen for brann og å stoppe aktivitetar som medfører risiko, eller ta førehandsreglar for å minimera risikoen.

Avvik

FØLGJANDE AVVIK ER REGISTRERT PÅ BRANNOBJEKTET

Kontroll og vedlikehald av bygningsdelar og sikkerheitsinnretning

Avvik frå: Forskrift om brannførebygging § 6

Ansvar: Eigar

Kommentar:

- Eigar av eit byggverk skal sørge for at bygningsdelar, installasjonar og utstyr som skal oppdaga brann eller avgrensa konsekvensane av ein brann blir kontrollert og haldt ved like slik at dei verker som forutsett.
- Ein kontroll skal avdekke om sikkerheitsinnreiingane føl krava til branngleik som gjeld for bygget og at dei verker kvar for seg og saman med kvarandre.
- Omfang av kontroll og hyppigheit skal vera tilpassa sikkerheitsinnreiingane og byggverkets storleik, kompleksitet, bruk og risiko.
 1. Dør i fløy mot nord er fjerna, dette er er ein brannskilledør i ein rømingveg som er oppført i rømingsplana og på brannvern teikningane. Det er ikkje tillatt å fjerne slike brannsikringstiltak utan at ein på andre måtar kan dokumentera brannsikkerheita. Her må eigar sette i gang tiltak for å gjennopprette sikkerheita eller på andre måter dokumentere at det er teken i vare.
 2. Brannvern teikningar stemmer ikkje med terrenget, i tillegg er oppslåtte teikningar ved brannalarm sentralen med så liten skrift at mange vil ha vansker med å lese av riktig rom nummer. Eigar må oppgradere brannvern teikningane slik at dei tener som forutsatt.
 3. Hovud dør ved inngangspartiet opner ikkje ved utløst alarm, dette er alvorleg og må rettast straks.

Forskrift om brannførebygging § 6

Eigar av byggverk skal sørge for at det vert halde kontroll og ettersyn med bygningsdelar, installasjonar og utstyr i byggverket som skal oppdage brann eller avgrense konsekvensane av brann. Kontrollen skal avklare om sikkerheitsinnrettingane:

- a) Oppfyller krava til brannvern som gjeld for byggverket
- b) Fungerer kvar for seg og saman med kvarandre

(kontrollen skal også avklare om sikkerheitsinnrettingane oppfyller krava til branngleik som gjeld for byggverket. Kontrollen må også kunne avdekke om dekningsgraden o kapasiteten på tryggingstiltaket er tilfredsstilande etter eventuelle bygningsmessige endringar, endra drift eller endra brannbelastning.)

Kontrollens omfang og hyppigheit skal vera tilpassa sikkerheitsinnreiingane og byggverkets størrelse, kompleksitet, bruk og risiko.

Kontroll omfattar både kvalifisert kontroll og ettersyn(eigenkontroll).

Kontroll skal utførast etter produsent/leverandør beskrivinga og må dokumenterast når gjennomført.

Vedlikehald skal sørja for at sikkerheitsinnretningane fungerer som forutsett. Periodewis service skal alltid utførast i samsvar med krava.

Ein endring av sikkerheitsinnretningane vil vanlegvis utløyse krav om ny vurdering av branngryggleiken, søknad og godkjenning av bygningsmyndighetene.

(gjeld ikkje vedlikehald der sikkerheitsinnretningane vert sett i stand slik at dei opprinnelge eigenskapane og funksjonane gjenopprettast.)

Eigars systematiske tryggleiksarbeid

Avvik frå: Forskrift om brannførebygging § 9

Ansvar: Eigar

Kommentar:

1. Eigar har ikkje utført risikoanalyse, ROS analyse for bygget bør utarbeidast i samarbeid med brukar.

Forskrift om brannførebygging § 9

Ein verksemnd som eig eit byggverk skal setje seg mål og setje i verk planar og tiltak for å sikre byggverket mot brann. Verksemda skal setje i verk:

- Rutinar som sikrar at gjeldande krav til branneværn for byggverket vert fulgt.
- Rutinar for å avdekke, rette opp og førebyggje manglar ved bygningsdelar, installasjonar og utstyr som skal oppdage brann eller avgrense konsekvensane av brann
- Rutinar for å avdekke, rette opp og førebyggje manglar ved det systematiske tryggleiksarbeidet.

Det systematiske tryggleiksarbeidet skal vera tilpassa byggverkets størrelse, kompleksitet, bruk og risiko.

- Tryggleiksarbeidet skal bestå av mål, planar, tiltak og rutinar. Strukturen skal sikre at arbeidet vert gjennomført konsekvent og hindre at det oppstår tilfeldige feil i byggverket.

- Tryggingsarbeidet skal som eit minimum sikre at krava til branngleiken som gjeld for byggverket vert overhalde, og at tryggingsinnretningane i byggverket fungerer som føresett. Eks. på tryggingsinnretningar er branncelleavgrensande konstruksjonar, brannalarmanlegg og sprinklaranlegg.
- Er rutinar utarbeidt og formidla i verksemda? Det er ein uttrykkeleg plikt til å sørge for at rutinar faktisk vert sett i verk.
- Verksemda/eigar er ansvarleg for at det vert gjennomført eit systematisk tryggleiksarbeid som omhandlar den bygningstekniske branngleiken i byggverket
- Brukar av byggverket er ansvarleg for at byggverket vert brukt på ein branngleiggjande måte(ref. kapittel 3 førebyggjande pliktar for brukar av byggverk §§ 11-13).
- Eigars dokumentasjon kan avtale at brukar av byggverket eller andre skal gjennomføre sikkerhetsarbeidet også for sjølve byggverket, men eigars dokumentasjon er likevel ansvarleg.

Eigars dokumentasjon

Avvik frå: Forskrift om brannførebygging § 10

Ansvar: Eigars dokumentasjon

Kommentar:

1. Eigars dokumentasjon ikke dokumentert tilfredsstillande system for avvikshandsaming for rapportering om forhold som har betydning for branngleiken.
2. Eigars dokumentasjon ikke lagt fram dokumentasjon for internkontroll av branntekniske innreiingar og bygningsdelar. Dette må eigars dokumentasjon få på plass snarast.

Forskrift om brannførebygging § 10

Ein verksemd som eig eit byggverk skal dokumentera at verksemdas pliktar etter §§ 4 til 9 er oppfylt.

Dokumentasjonen skal sannsynleggjere, underbygge eller grunngje at krava til bygget og verksemda er oppfylt.

Bygningsdokumentasjon, FDV dokumentasjon, løyver frå bygningsmyndigheter og alle mål, planar, tiltak og rutinar etter forskriftas § 9.

[I bygg oppført før 1985 fremgår førstningene av vurdering i forbindelse med oppgraderingsbestemmelse jf. § 8. Dersom bygget er oppført i medhald til byggeforskrifta 1985 eller seinare. Og det ikkje føreligg dokumentasjon frå byggesaka/prosjekteringen, skal aktuell byggeforskrift leggast til grunn.]

Branntrygg bruk av byggverket

Avvik frå: Forskrift om brannførebygging § 11

Ansvar: Brukar

Kommentar:

1. Synfaring avdekkja noko bruk av skjøyteledningar. Desse er kun meint for midlertidig bruk og ikkje over tid. Her må brukar kontakta eigar for å vurdere behov for å montere opp fleire kontaktar.

Forskrift om brannførebygging § 11

Den som har rett til å bruка eit byggverk skal:

- a) Sørgje for at bygget vert brukt i samsvar med dei krava til branngryggleik som gjeld for bygget.
- b) Unngå unødig risiko for brann, og sørgje for at rømmingsvegane er opprettheld sin funksjon, slik at framkomsten ikkje vert redusert.
- c) Informere eigar om endringar, forfall og skadar i byggverket eller tryggingsinstallasjonane som kan påverke tryggleiken mot brann
- d) Ved forhald som vesentleg reduserer branngryggleiken, skal det straks gjennomførast ekstraordinære tiltak til risikoen er som normal igjen.

Eigar må ha gjort brukar kjent med opplysningane om bygget som er avgjerande for branngrygg bruk av bygget, ref. § 4 i forskrifta.

(den som har bruksrett er den ansvarlege overfor branngvernmyndigheita.)

Brukars systematiske tryggingsarbeid

Avvik frå: Forskrift om brannførebygging § 12 og Forskrift om HMT § 5

Ansvar: Brukar

Kommentar:

1. Brukar har ikkje ein oppdatert ROS analyse, dette må på plass. Brukar kan med fordel samarbeide med eigar om dette arbeidet. NGIB kan om ønskeleg vere ein rådgjevar.

Forskrift om brannførebygging § 12

Ein verksemad som har rett til å buka eit byggverk skal fastsetje mål og iverksetje planar og tiltak for å redusere risikoen for brann i byggverket. Verksemada skal iverksetje:

- a) Rutinar som sikrar at byggverket vert brukt i samsvar med krava til branngryggleiken som gjeld for byggverket
- b) Rutinar for evakuering og redning ved brann i byggverket

- c) *Rutinar som sikrar at personar med arbeidsplass i bygget har tilstrekkeleg kunnskapar og ferdigheiter i å forebygge og nedkjempa brann*
- d) *Rutinar som sikrar at alle som oppheldt seg i bygget får tilstrekkeleg informasjon om korleis dei skal unngå brann og oppstre ved brann*
- e) *Rutinar for å avdekke, rette opp og førebyggje manglar ved det systematiske sikkerheitsarbeidet*

Andre merknader

Fedje sjukeheim har dei siste åra hatt jamleg vedlikehald frå eigar med blant anna oppgradering av rømingsvegar i begge etg samt oppgradering av nytt brannvarslingsanlegg.

Sjølv om dette er utført har både eigar og brukar vansker med å dokumentere intern kontroll og vedlikehald.

Eksterne service avtaler er inngått og dokumentert for NGIB.

Leiar for eigedom er forhaldsvis ny i sin fuksjon og har mykje å settje seg inn i sjølv om han har lang erfaring med kommunas bygg, tilstand og bruk.

Dagleg leiar ved sjukeheimen har i praksis mykje kunnskap og stor fokus på brannsikkerheita ved sjukeheimen.

Ho har årleg gjennomført systematisk øving og opplæring av alle tilsette.

Ho ønsker no at det arr ein felles brannøving med lokalt brannvern der samarbeid mellom avdelingane vert tema. På denne måten vil brannsikkerheita ved sjukeheimen bli enda betre.

På tilsynsmøtet vart det avtalt at sjukeheimen og lokalt brannvern tar sikte på ein felles øving 1 halvdel i 2024. NGIB kan om ønskeleg bistå i planlegginga.